

Prop. 72 S

(2010–2011)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

Endringar i statsbudsjettet for 2011 under Justis- og politidepartementet (Direktoratet for nødkommunikasjon)

*Tilråding fra Justis- og politidepartementet av 25. februar 2011,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Stoltenberg II)*

1 Innleiing

I denne proposisjonen legg Justis- og politidepartementet fram forslag om endringar i løyvingane under kap. 456 Direktoratet for nødkommunikasjon og kap. 3456 Direktoratet for nødkommunikasjon i statsbudsjettet for 2011.

2 Forslag om endringar

Med bakgrunn i framdrifta i Nødnettprosjektet og som del av ordinær kontraktsoppfølging med leverandøren, blei det hausten 2010 avtalt endringar på tidspunkt for leverings- og betalingsmilepælar. Som følgje av dette og i tråd med kravet til realistisk budsjettering, blei det behov for endringar i periodiseringa av utgiftene mellom 2010 og 2011. I Prop. 21 S (2010-2011) Endringar i statsbudsjettet for 2010 under Justis- og politidepartementet, jf. Innst. 102 S (2010-2011), blei det derfor foreslått å redusere løyvinga under kap. 456 og kap. 3456 i 2010. Det blei samtidig varsla at Regjeringa tar sikte på å kome attende til Stortinget med forslag om tilleggsløyving i 2011. Samla ramme for første

utbyggingsområde blir ikkje endra som følge av dette.

Driftsutgifter, operatør- og vedlikehaldskostnader vil forfalle til betaling for staten når leverandøren formelt har oppnådd milepælar for radionettverket og i kommunikasjonssentralleveransen til naudetatane. Regjeringa legg til grunn at denne milepålsbetalinga vil felle til betaling i byrjinga av 2011 og foreslår på denne bakgrunn ei auke av løyvinga for 2011 i samsvar med nedjusteringa under dei same kapittel og postar som blei gjort i Prop. 21 S (2010-2011). Løyvinga vil med dette vere tilstrekkelig stor for å ivareta dei pliktene staten har i tråd med kontrakta.

Kap. 456 Direktoratet for nødkommunikasjon

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga på posten dekkjer kostnadene staten har til drift av Direktoratet for nødkommunikasjon, og kostnader til leverandøren for dei områda som er bygd ut og sett i drift i 2008, 2009 og 2010, inkludert kostnader til leige av datalinjer og innplasering av nytt utstyr i eksisterande radiostasjonar.

Det blir foreslått å auke løyvinga under kap. 456, post 01 med 101,1 mill. kroner i 2011. Dette forslaget er i samsvar med nedjusteringa på same kapittel og post i Prop. 21 S (2010-2011), jf. Innst. 102 (2010-2011).

Post 45 Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, kan overførast

Løyvinga på posten dekkjer investering i radionetts, utstyr til naudetatane sine kommunikasjonsentralar og terminalar for det første utbyggingsområdet.

Det blir foreslått å auke løyvinga under kap. 456, post 45 med 88,8 mill. kroner i 2011. Forslaget til auka løyving er knytt til investeringar i radionetstrukturen og etatane sine kommunikasjonsentralar, som fell til betaling når krav i kontrakta med tillegg er oppfylt i 2011. Det blir foreslått å auke løyvinga under kap. 456, post 45, med 88,8 mill. kroner. Forslaget er i samsvar med nedjusteringa på same kapittel og post i Prop. 21 S (2010-2011), jf. Innst. 102 S (2010-2011).

Den foreslalte auken i løyvinga under kap. 456, post 45 fører også med seg forslag om å auke av løyvinga under kap. 3456, post 02, jf. omtale nedanfor.

Kap. 3456 Direktorat for nødkommunikasjon

Post 02 Refusjonar

Løyvinga på posten gjeld refusjon av driftsutgifter som er vidarefakturert naudetatane. Det blir foreslått å auke løyvinga under posten med 16,3 mill. kroner i 2011, jf. omtale under kap. 456, post 45. Forslaget følger av eit auka behov for vidarefakturering av driftskostnader i 2011. Dette skuldast at driftskostnader for kommunikasjonssentralane, som naudetatane skal betale, først kjem til utbetaing i 2011 samt bestilte endringar frå etatane som blir levert i 2011.

Justis- og politidepartementet

t i l r å r :

At Dykker Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endringar i statsbudsjettet for 2011 under Justis- og politidepartementet (Direktoratet for nødkommunikasjon).

Vi HARALD, Noregs Konge,

s t a d f e s t a r :

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak om endringar i statsbudsjettet for 2011 under Justis- og politidepartementet (Direktoratet for nødkommunikasjon), i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag

til vedtak om endringar i statsbudsjettet for 2011 under Justis- og politidepartementet (Direktoratet for nødkommunikasjon)

I

I statsbudsjettet for 2011 blir det gjort følgjande endringar:

Utgifter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
456		Direktoratet for nødkommunikasjon	
	01	Driftsutgifter, blir auka med	101 100 000
		frå kr 139 870 000 til kr 240 970 000	
	45	Driftsutgifter, blir auka med	88 800 000
		frå kr 385 700 000 til kr 474 500 000	

Inntekter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
3456		Direktoratet for nødkommunikasjon:	
	02	Refusjonar, blir auka med	16 300 000
		frå kr 6 521 000 til kr 22 821 000	

=====



Norges Tidsskrifter

Trykk A/S O. Fredr Arnesen. Februar 2011

241491